

Emnerapport for FRAN 302 –
Grammatikk, omsetjing og litteratur
Vår 2015

Studienivå: Master
Undervisningsspråk: Fransk

Mål og innhold

Emnet inneholder følgjande komponentar:

- Fransk grammatikk
- Omsetjing norsk-fransk / fransk-norsk
- Litteratur

Arbeidet med omsetjing og grammatikk skal gje studentane større innsikt og dugleik i moderne fransk språk.

Studiet av litteratur (5 verk, av desse 2 skrivne før 1600) skal gi studentane kjennskap til både eldre og nyare fransk litteratur.

Læringsutbyte/resultat

Etter fullført emne skal studenten ha kjennskap til moderne tilnærningsmåtar innan fransk grammatikk, og dei skal ha lese 5 litterære verk (evt. i utdrag), av dei minst 2 frå tida før 1600, og kunna bruka moderne litterære og/eller språklege analysemetodar i arbeidet med verka.

Dei skal vidare ha innsikt i kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk.

Studentane skal vera i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne fransk grammatikk. Dei skal kunna omsetja, frå fransk til norsk og frå norsk til fransk, autentiske tekstar innan ulike sjangrar.

Studentane vil etter fullført emne ha eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemnd innan moderne fransk grammatikk og litteraturvitenskap.

Pensum

Grammatikk:

Utdrag av Riegel, Pellat, Rioul: *Grammaire méthodique du français*. PUF.

Litteratur:

Tristan et Iseult

Montaigne, *Essais* (utdrag)

Rousseau, *Les Rêveries* (utdrag)

Michel Houellebecq, *La carte et le territoire*

Jacques Poulin, *Volkswagen Blues*

Studenttal: Det var berre éin student på dette emnet V 2015.

Undervisning

Det blei gitt 16 timer undervisning i kvar av dei tre deldisiplinane grammatikk, omsetjing og litteratur. Omsetjingstimane var fordelt på 4 forelesingar (= 8 timer) norsk-fransk og 4 forelesingar (= 8 timer) fransk-norsk. Undervisningstmetalet dette semesteret er litt mindre enn det som har vore vanleg tidlegare, pga. ressursmangel. I grammatikk og litteratur var det felles undervisning med emnet FRAN306. På slutten av semesteret var det ei gjesteforelesing ved Daria Toussaint, Université de Caen, over emnet «*La référenciation*».

Grammatikk:

Vanlegvis er pensum ein kombinasjon av utdrag frå *Grammaire méthodique du français* og artikkelstoff. Dette semesteret var heile pensumet henta frå grammatikkboka. I tillegg til introduksjonskapitlet (*Une discipline et son objet, La grammaire dans tous ses états, L'analyse grammaticale*) vart desse emna gjennomgått: *L'oral et l'écrit, La phrase et son architecture, Le verbe et ses constructions*. På enkelte punkt går læreboka svært mykje i detalj, og det kan vera lett å fortapa seg i detaljane. På forelesingane vart det derfor fokusert på heilskap og dei store linene.

Vurderingsformer:

Eksamens er tredelt:

1) Ei skriftleg prøve i grammatikk (tre timer)

2) Ei skriftleg prøve i omsetjing (tre timer)

På skriftleg eksamen kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.

3) Ei munnleg prøve i litteratur.

Det blir gjeve karakter A-F på dei tre prøvene, og kvar del tel 1/3 av samla karakter.

Det er høve til å ta med seg ein deleksamen i inntil to semester etter at deleksamenen er greidd.

Samla vurdering frå emneansvarleg, med eventuelle forslag til endringar:

Dette var siste gongen det blir gitt tilbod om emnet FRAN302. Det er derfor ikkje grunnlag for å komma med forslag til endringar.